



Retningslinjer for sal av konsentrerte bustadfelt

For Aukra kommune skal følgjande retningslinjer gjelde ved sal av konsentrerte bustadfelt:

Sal av kommunale tomter som i reguleringsplan er avsett til konsentrerte bustadfelt skal prisast med bakgrunn i utbyggingskostnadar og marknadsprisar.

Kvar tomt blir frådelt med eige gards- og bruksnummer, jamfør reguleringsplan, før felta blir lagt ut for sal. Kvar tomt er tilknytt kommunal veg. Leidningar for kloakk, overvatn og drikkevatt er lagt fram til tomtegrense. For alle nye felt blir det oppretta realsameie for tilhøyrande leikeplassar. Det vil sei at kvar tomteeigar vil eige ein ideell del av leikeplassane etter fordelinga i reguleringsføresegnene. Då vil tomteeigar ha eit solidarisk ansvar for vedlikehald av tilhøyrande leikeplass.

1. Kjøp/betaling

1.1 Kjøpar av felt skal vere eit lovleg etablert føretak.

1.2 Dersom eit føretak ønskjer å kjøpe meir enn eit felt i same område, kan dette først skje etter nærare vurdering og gjennom ein juridisk bindande avtale.

1.3 Dersom eit føretak ønskjer ei trinnvis utbygging av eit felt, kan dette først skje etter nærare vurdering og gjennom ein juridisk bindande avtale.

1.4 Felt skal seljast til marknadspris.

1.5 Den som kjøper felt, vil motta tildelingsbrev, «eigenfråsegn om konsesjonsfriheit» og standard kjøpekontrakt.

1.6 Føretaket må bekrefte kjøpet ved å returnere signert kjøpekontrakt saman med signert skjema «eigenfråsegn om konsesjonsfriheit».

1.7 Dersom kommunen ikkje mottek signert kjøpekontrakt innan fastsett frist, vert saka avslutta og kommunen kan legge feltet ut for sal på nytt.

1.8 Kjøpesummen skal betalast seinast 2 månader etter at kjøpekontrakt er signert. Heimel vil berre bli overført for tomter som er fullt betalt.

1.9 Tomtene vert seld fri for pengehefte.

2. Vilkår ved kjøp av felt

2.1 Feltet skal utbyggast etter ei detaljert situasjonsplan som er godkjent av kommunen.

2.2. Feltet vert overtatt slik det er ved heimelsoverføring, med skjeringar, fylling og naudsynte tekniske anlegg (både i, på, og over jorda).

2.3. Kommunen og andre kabeletatar har rett til å kome fram over tomtene for å reparere, eventuelt leggje nye kablar, røyrleidningar og kummar, mot å betale for dei ulempene ein eventuelt valdar.

2.4. Kvar felteigar må syte for drenering og avleiing av overflatevatn på eigne tomter og ovanforliggjande terreng.

2.5. Felteigaren har det framtidige ansvaret for vedlikehald og drift av stikkleidningar for vatn og avlaupsleidningar fram til det offentlege nettet. Felteigar skal òg syte for at stikkleidning gjennom avkjørsle er min. 200 mm i diameter og at ho til ei kvar tid er opa.

2.6. Felteigarar skal ha ansvaret for drift, vedlikehald og snøbrøyting av eigen tilkomst frå offentleg veg.

2.7. Ved innbetaling av kjøpesummen samtykkes det samtidig i desse retningslinjene.

2.8. Ved vidaresal av tomter i det enkelte bustadfelt, går ansvaret som følg av punkta 2.2 – 2.6 over til ny eigar av tomta.

ePhorte 13/1462-8

Vedtatt i kommunestyret den 12.03.2019, sak 15/19

Korrigert 28.05.2019 for formalfeil

Revidert av kommunestyret i k-sak 19/20 møtedato 2. april 2020

Vedtatt i formannskapet 8 mars 2021